




Vågå – eit trygt lokalsamfunn

Kommunedelplan for trafikktryggleik 2015 – 2017 VÅGÅ KOMMUNE





Innhald:

1. Innleiing **s2**
2. Visjon og målsetting **s3**
 - 2.1 Visjon **s3**
 - 2.2 Målsetting **s3**
3. Organisering og trafikktryggleiksarbeid **s3**
 - 3.1 Organisering i kommunen **s3**
 - 3.2 Organisering på nasjonalt- og fylkesnivå **s3**
4. Oversikt **s4**
 - 4.1 Vegnettet **s4**
 - 4.2 Status for ulykker **s5**
5. Innsatsområde, tiltak og ansvarleg **s8**
 - 5.1 Trafikkopplæring i barnehage **s9**
 - 5.2 Trafikkopplæring i grunnskulen **s10**
 - 5.3 Helsetenesta **s10**
 - 5.4 Eldre og funksjonshemma **s10**
 - 5.5 Andre risikogrupper **s10**
 - 5.6 Liste over førebyggjande tiltak med ansvarsfordeling **s11**
 - 5.7 Trafikktryggleik som ein del av HMS i arbeid i kommunen **s12**
6. Fysiske tiltak etter prioritering **s12**



1. Innleiing

Trafikktryggleiksplanen for Vågå kommune skal vera ei forankring og eit hjelpemiddel slik at trafikktryggleik alltid er med i kommunens arbeid, samt ei god hjelp for prioritering av tiltak som er ynskjelege å få gjennomført i og for kommunen.

Vågå kommune vil på bakgrunn av denne planen ha eit godt grunnlag for trafikktryggleiksarbeidet i planperioden. Planperioden er sett til 2 år, dette er gjort med hensikt slik at vi følger tidsperspektivet til FTU.

I utarbeidinga av planen har drøftingsgruppa teke utgangspunkt i dei mjuke og mest sårbare trafikantane. Der kan ein nemne spesielt barn, eldre og funksjonshemma. Vågå kommune klarar ikkje å fange opp alle stader der det kan oppstå farlege situasjonar i trafikken, så kommunen har sjølvstekt teke i mot innspel frå innbyggjarane.



2. Visjon og målsetting

2.1 Visjon

Vågå kommune har likt med Oppland fylkeskommune, nullvisjon. Det inneber at ingen skal bli hardt skadde eller drepne i trafikken i Vågå.

2.2 Målsetting

Målet med denne planen er å førebygge ulykker og sikre tryggare ferdsel. Denne målsettinga inneber både fysiske og haldningsskapande tiltak.

3. Organisering av trafikktryggleiksarbeid

3.1 Organisering i kommunen

Kommunen kan sjølv finne ut kva måte dei ynskjer å organisere trafikktryggleiksarbeidet. I Vågå kommune ligg det overordna ansvaret hjå kommunestyret, og oppfølginga av planen ligg sjå den enkelte tenesteleiar.

- Styrarane har ansvar for oppfølging i barnehagane
- Rektorane har ansvar for skulane.
- Flyktningkonsulenten i samarbeid med vaksenopplæringa har ansvar for oppfølging overfor flyktningar/asylsøkkjarar.
- Tenesteleiar innanfor helse og omsorg har ansvar for oppfølging innanfor sine område.
- Tenesteleiar Teknisk sektor har ansvar for oppfølging av vegnettet i samarbeid med fylke og vegvesen.
- Leiarane i eldrerådet kjem med synspunkt til trafikkgruppa og tek dette vidare til dei på 65+

3.2 Organisering på nasjonalt- og fylkesnivå


Samferdselsdepartementet har eit overordna ansvar for trafikktryggleiksarbeidet nasjonalt. Vegdirektoratet er eit fagorgan for trafikktryggleiksarbeidet, og har eit overordna ansvar for vegplanlegging, vegbygging, føraropplæring m.m.

I fylkessamanheng har fylkeskommunen ansvaret for å samordne trafikktryggleiksarbeidet i fylket. I Oppland er dette lagt til Oppland fylkes trafikktryggleiksutval (FTU).



4. Oversikt

Vågå kommune ligg i Oppland fylke og har eit areal på 1326km², kommunen har eit folketal på om lag 3700. Kommunen har felles grenser med Nord-Fron, Øystre Slidre, Vang, Lom, Lesja, Dovre og Sel.



4.1 Vegnettet

Det offentlege vegnettet i kommunen er fordelt på riks-, fylkes- og kommunal veg. Desse er fordelt på følgjande måte:

Vegnettet i Vågå	
Riksvegar	33km
Fylkesvegar	132km
Kommunevegar	78km




4.2 Status for ulykker

På bakgrunn av dei politirapporterte ulykkene som skjedde i perioden frå 2009 til 2013 var det rapportert totalt 23 trafikkulykker med personskade i Vågå. I desse ulykkene vart 1 drepen og 33 skadde. 9 av desse vart hardt skada.

Antall ulykker fordelt årstall

År	Antall ulykker	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
2009	8	13	0	3	10
2010	4	5	0	3	2
2011	1	2	0	0	2
2012	6	9	0	2	7
2013	4	5	1	1	3
Sum	23	34	1	9	24






Her er ei oversikt over kva trafikantgruppe som er mest utsett.

Ein bør legge merke til at alle dei mjuke trafikantane er blant dei hardt skadde.

Trafikantgruppe - skadegrad

Trafikantgruppe	Antall drepte/skadde	Antall drepte	Antall hardt skadde	Antall lettere skadde
Bilfører	12	0	3	9
Bilpassasjer	15	0	3	12
Person lett MC	0	0	0	0
Person annen MC	2	1	0	1
Person moped	1	0	0	1
Person sykkel	1	0	1	0
Fotgjenger	1	0	1	0
Aker	0	0	0	0
Andre	2	0	1	1
Sum alle	34	1	9	24





Her er ei statistikk over forsikringskadeulykker mellom 2009–2013 (*kjelder: Trygg Trafikk*)
Ein ser at totalt talet på køyretøy er 1334 stk. og at forsikringssummene blir enorme.

Antall skader fordelt på kjøretøytype og ulykkesart

	Sum	Kryssende kjøretninger i kryss	Møtende kjøretninger i kryss	Parallele kjøretninger i kryss	Påkjørt bakfra	Forbikjøring	Møting	Ryging	Påkjørt parkert kjøretøy	Eneulykke	Påkjørsel av fotgjenger/syklist	Annen ulykkestype	Ukjent/uooppjort
Personbil m.v. (under 3,5t)	1233	61	11	2	59	33	101	267	227	318	-	110	46
Lastebil m.v. (over 3,5t)	42	-	-	-	2	7	-	8	7	14	-	4	-
Buss (over 3,5t)	9	-	-	-	-	1	5	-	-	-	-	3	-
Moped	3	-	-	-	-	-	-	-	-	3	-	-	-
Lett motorsykkel	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Tung motorsykkel	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
ATV	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Snøscooter	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-
Andre kjøretøyer	41	1	1	-	1	-	-	2	10	11	-	11	4
Ukjent	4	-	-	-	1	-	1	-	-	1	-	-	1
Total	1334	62	12	2	63	41	107	277	244	347	-	128	51

Rapporten er laget basert på følgende filter:

Fylke: Oppland

Kommune: Vågå

År: 2013,2012,2011,2010,2009

Erstatningsbeløp (i hele tusen) fordelt på kjøretøytype og ulykkesart

	Sum	Kryssende kjøretninger i kryss	Møtende kjøretninger i kryss	Parallele kjøretninger i kryss	Påkjørt bakfra	Forbikjøring	Møting	Ryging	Påkjørt parkert kjøretøy	Eneulykke	Påkjørsel av fotgjenger/syklist	Annen ulykkestype	Ukjent/uooppjort
Personbil m.v. (under 3,5t)	21529	1245	234	20	792	1963	1491	2086	1099	9095	-	2342	1161
Lastebil m.v. (over 3,5t)	3088	-	-	-	54	10	-	40	25	2838	-	122	-
Buss (over 3,5t)	168	-	-	-	-	-	163	-	-	-	-	5	-
Moped	58	-	-	-	-	-	-	-	-	58	-	-	-
Lett motorsykkel	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Tung motorsykkel	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
ATV	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Snøscooter	17	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	17	-
Andre kjøretøyer	666	45	-	-	-	-	-	21	84	235	-	244	37
Ukjent	161	-	-	-	119	-	18	-	-	8	-	-	17
Total	25686	1289	234	20	964	1973	1672	2147	1207	12233	-	2731	1214


Rapporten er laget basert på følgende filter:

Fylke: Oppland

Kommune: Vågå



Det var i 2011 registrert 5 935 køyretøy i Vågå kommune, type køyretøy var fordel på følgjande måte:



Kjelder: Ulykkesstatistikk, kommunar i Oppland – Utarbeida av Oppland fylkeskommune

5. Innsatsområde, tiltak og ansvarleg

Vågå kommune har ein sektorstruktur som består av: Helse og omsorg, Kultur og oppvekst, Felles landbrukskontor med Sel kommune, Felles tenester og Tekniske tenester.

I hovudsak har det vore tre sektorar som har vore involvert i denne planen, dette har vore Helse og omsorg, Kultur og oppvekst og Tekniske tenester.

I denne trafikktryggleiksplanen har det vore samarbeid på tvers av desse sektorane, dette har vore gjennomført for å få eit breiare innblikk i kva som går føre seg og kva som skal vera satsingsområde. Sjølv om det er samarbeid på tvers av sektorane har den enkelte tenesteleiaren ansvaret for at trafikktryggleiksarbeidet blir følgt på sitt fagområde.

Då ein gjekk i gang med å utarbeide denne planen gjekk kvar sektor gjennom sitt fagområde for å få stadfesta kva arbeid som i dag blir utført. Når ein fyrst fekk oversikt på dette kunne ein klare å utvikle dette arbeidet vidare i positiv retning for kommunen.



5.1 Trafikkopplæring i barnehage

Dei kommunale barnehagane ligg under Kultur- og oppvekstsektoren.

Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Frå samfunnets side blir det forventat at barn frå 5 ½ års alder skal kunne ferdast på skuleveg. Difor må trafikktryggleik og trafikkopplæring innførast som ein del av barnehagens omsorgs- og opplæringsarbeid. Å ha omsorg for barn inneber å styrke barns moglegheiter til å meistre sine omgjevnadar, og å rettleie med tanke på framtidslege situasjonar.

Tenesteleiar har ansvaret for at barnehagens årsplanar for trafikk blir følgd. Tenesteleiar har ansvaret for at trafikktryggleik er ein del av internkontrollsystemet, at rutinar blir følgd og at alle tilsette er kjend med reglane.

Dei kommunale barnehagane har eit trafikkopplegg utarbeidd frå Trygg Trafikk som heiter Tarkus. Tarkus er eit lite beltedyr som saman med vennene sine i ulike forteljingar tek med barna ut i trafikken. Fleire av personalet har vore kursa i dette opplegget.

Elles har Søre Grindstugu barnehage fleire små miniatyrskilt på uteområdet for at barna skal lære seg skilt, samt at alle barnehagar har fokus på trafikkreglar når dei er ute og går eller køyrar. Refleksvest er noko av dette.

5.2 Trafikkopplæring i grunnskulen

Grunnskulen ligg under Kultur og oppvekstsektoren.

Trafikk er ein viktig del av skulebarnas kvardag. Skulen har saman med foreldra ansvaret for å gi barna ei god trafikkopplæring slik at dei kan ferdas trygt i trafikken.

Trafikkopplæring må sjåast på som ei livslang læringsprosess. Det er difor nødvendig å legge trafikkopplæringa inn i opplæringa på alle klassetrinn. For at ein skal lykkas er det nødvendig med eit godt samarbeid mellom heim og skule.

Kommunens leiing har ansvaret for at opplæringslova blir følgd. Leiinga har også ansvaret for at måla i kunnskapsløftet blir gjennomført.

LÆREPLANVERKET FOR KUNNSKAPSLØFTET:

Inneheld kunnskapsmål om trafikk etter 4., 7. og 10 trinn.

Kompetansemål etter 4. trinn:

- Eleven skal kunne følge trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.

Kompetansemål etter 7. trinn:



- Eleven skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

Kompetansemål etter 10. trinn:

- Gjere greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og uhende.
- Gjere greie for omgrepa fart og akselerasjon, måle størrelsane med enkle hjelpemiddel og gje eksemplar på korleis kraft er knytt til akselerasjon.
- Gjennomføre forsøk med ljøs, syn og fargar, beskrive og forklare resultatane.
- Gjere greie for korleis bruk av rusmiddel kan føyre til helseskadar og drøfte korleis den enkelte og samfunnet kan førebyggje helseskadane.

5.3 Helsetenesta

Kommunen har ansvar for førebyggjande helsearbeid ref. samhandlingsreforma

Helsesystemtenesta – rettleie ved barnekontroll om utstyr og sikring av barn i bil.

Legetenesta – gje informasjon om faren ved kombinasjonen av legemiddel og bilkøyring.

5.4 Eldre og funksjonshemma

Auke oppslutning om 65+ (eldrerådet og frivilligsentralen)

Ta omsyn til universell utforming – framkjømd (prosjektlearane i kommunen)

Auke fokus på refleksbruk og verknad ved medikament og bilkøyring (eldrerådet)

5.5 Andre risikogrupper

Informasjon om trafikktryggleik til innvandrarar i introduksjonsprogram samt trafikalt grunnkurs og utdeling av refleks.

Ulykkeutsett ungdom får tilbod om foredrag i trafikktryggleik, derav god trafikkultur, køyring under rus osv. eks-vis ein gong i året. (Politiet)



5.6 Liste over førebyggjande tiltak med ansvarsfordeling

Område	Tiltak	Ansvar	Når	
Barnehage	Barna lærer om trafikkreglar generelt	Tenesteleiar	Gjennom heile året	
	Lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks			
	Rutinar for å vareta barnas tryggleik ved barnehagens parkeringsplass og port.	Tenesteleiar saman med føresette.	1 g. pr. år	
	Det blir sett krav til foreldre om å sikre barn på veg til og frå barnehagen.	Tenesteleiar saman med føresette.	1 g. pr. år	
	Føresette involverast ved foreldremøte om barnehagens trafikktryggleiksarbeid.	Tenesteleiar saman med føresette.	1 g. pr. år	År
Skule	Busstmøte	Rektor	September	1-7 kl
	Design av eiga refleks	Rektor	Haust	3 kl
	Sykkelpøve	Rektor	Vår	4 kl
	Trafikkveke med ulikt innhald på stega	Rektor	Vår	1-7 kl
	Gåpøve der 7 kl. er med som vaktar	Rektor	Vår	1-3 kl
	Syklar blir sjekka av lensmann	Rektor	Vår	1-7 kl
	Observatør bli sett på skulebussar	Rektor	Heile året	1-7 kl
	Møte med alle elevar som har skuleskys med representant for sjåførane	Rektor	September	8-10 kl
	Observatør bli sett på skulebussar	Rektor	September	8 - 10 kl
	Politiet inne og orienterer	Rektor	September	10 kl
	Politiet inne og orienterer foreldre til 10 kl.	Rektor	November	10 kl
	Trafikkdag på Hunderfossen	Rektor	Oktober	10 kl
	Valfag, trafikalt grunnkurs	Rektor	2t pr. veke	10 kl
Helsetenesta	Rettleie om utstyr og sikring av barn i bil	Helsesyster/lege	Ved kontr.	
	Gje informasjon om faren ved kombinasjon legemidlar og bilkøyring	Helsesyster/lege	Ved kontr.	
Eldre og -funk.hemma	Ta omsyn til universell utforming	Prosjektleiarane	Alltid	
	Informere om refleks bruk	Folkehelsekoord.	Haust	
	Informere om medikamentbruk og bilkøyring	Folkehelsekoord.	2 g. pr. år	
Innvandrarar	Innføring av trafikktryggleik ved intro.program	Flyktningkonsulent	2 g. pr. år	
	Tilbod om trafikalt grunnkurs	Flyktningkonsulent	1 g. pr. år	
Trafikkutsett ungdom	Foredrag trafikktryggleik, god trafikkultur køyring under rus osv. av politiet	Ungdomskonsulent	1 g. pr. år	



5.7 Trafikktryggleik som del av HMS i arbeid i kommunen

Det er laga ei eiga retningsline for tenestereiser som kommunen skal følge.

Dei tilsette på Teknisk sektor som arbeider ute i og ved trafikkert veg har gjennomført kurs 1 arbeidsvarsling. Dette er eit lovpålagt kurs som alle skal ha om dei skal arbeide i og ved veg (kurs 1 i arbeidsvarsling, jr. HB 051).

Når Teknisk sektor kjøper tenester frå private aktørar som inneber arbeid i og ved veg, skal det forlangast skiltplan som varetek både mjuke og køyrande trafikantar (jr. HB 051) . Skiltplan skal vera godkjend og sikring skal vere på plass før arbeid blir sett i gang.

- Etiske retningsliner, bør ha punkt om oppførsel/haldning i trafikken. Dette vil naturlegvis handle om å oppfylle krav og plikter i vegtrafikklova (rus, fart, søvn, bruk av mobiltelefon), men det kan vere spesielle forhold som bør understreka.
- Glattkøyringskurs for tilsette i heimetenestene (+ ev. andre) fast ein gong i året.
- System for varsling til teknisk sektor når forhold som gjeld teknisk stand på kommunebilane bør utbetrast (m.a. dekk og ljós).

6. Fysiske tiltak etter prioritering

Kommunale vegar.

	Tiltak/aktivitet	år	Ansvar	Samarbeidspartar	Evaluering	Kostnad
1	Belysning ved over-Gangane i sentrum	2015	Teknisk	Statens vegvesen	Prøver med anna ljøsfarge.	?
2	Fjerning av vegetasjon Ved vegkryss	2015	Teknisk	Uteseksjonen frå teknisk	Uteseksjonen Utfører fortløpande.	Eiga tilsette
3	Regulering av skule-Området.	2015	Rektor	Skulane og politi	Sette krav til foreldre meir kontroll	Eiga innsats

**Fylkes- og riksvegar**

	Tiltak/aktivitet	Bakgrunn	Ansvar	Utførast år
1	Busslomme på Tessanden.	Betre trafikktryggleiken for mjuke trafikkantar langs rv. 15.	SVV	2015?
2	Sikring ved overgangane ved kulturhuset og Halland.	Ønskje om gjennomføre tiltak for å gje betre trafikktryggleik for mjuke trafikkantar som skal krysse fv. 454.	SVV	2016?
3	Gang- og sykkelveg langs fv. 453 frå Sætavegen til Vågåvegen.	Det skal byggjast gang- og sykkelveg på ei om lag 1300 m. Målet er å gje betre trafikktryggleik for gåande og syklande.	SVV	2017
4	Utbetring av Øvre Nordheradsveg, fv. 454.	Vegen skal utbetrast slik at trafikktryggleiken blir betre. Strekinga omfattar om lag 10 km, frå krysset med kommunal veg Hølvegen til Sande ved kryss mot fv. 468.	SVV	2015
5*	Gang- og sykkelveg langs rv. 15, frå søre rundkjøring til Steindalsvegen	Vegstrekning på om lag 400 meter som manglar gang- og sykkelveg.	SVV	Ikkje planlagt, Ønskje frå kommunen
6*	Gang- og sykkelveg frå Klonas til Trudelutten.	Ønskje om forlenging av eksisterande gang- og sykkelveg langs rv. 15 som vil gi betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar.	SVV	Ikkje planlagt, Ønskje frå kommunen
7*	Gang- og sykkelveg langs Nedre Nordheradsveg frå sentrum til Båthamn ved Vanglandet	Ønskje om bygging av gang- og sykkelveg langs fv. 454	SVV	Ikkje planlagt, Ønskje frå kommunen

*Punkt 5 til 9 er ikkje planlagde tiltak, men det er ønske om at desse tiltaka blir gjennomført.